

LÅRDAL VEL

Styret v/Leiar

Charlotte Nabeit Skogsrød

Co: Hilde Storli, Støylsdalen 355

3891 Høydalsmo

Orgnr: 912 504 816

Lårdal 17.11.2025

NVE

nve@nve.no

Postboks 5091

Majorstuen ,0301 Oslo

"Høyringsuttale 202412343"

UTTALE VEDR. MOGLEG RIVING AV LAUGEVATN DAM

Lårdal Vel har vedtatt å sende inn uttale i denne saka, då det syner seg at bygda er svært eintydige i at dammen i Laugevatn ikkje må rivast.

Lårdal Vel meiner dammen er av stor viktighet for Ålmenta (almennheten) i Lårdal og omegn. Både for fastbuande og turistar. Den kultur-og industrihistoriske sida av denne , er og av stor betydning meiner me. Det er VTK AS som er profesjonell eigar av dammen, og som det vil vera naturleg at tek det ansvaret det er å halde den i forsvarleg stand. Vil her forsøke å underbygge vårt syn:

1. **Kultur- og Industrihistorie:** Dammen ligg der svært synleg , flott bygd, og vitnar om ca 130 års industrihistorie i Lårdal. Dammen vart bygd for å forsyne "Laurdal Uldspinneri" og Lårdal Sagbruk med kraft, samt mindre sagbruk og kraftstasjonar ,og Lårdal kommunale kraftselskap. Lårdal Ullspinneri vart på 1980-talet bygd om til fiskesmoltanlegg (Bandaksmolt AS), og var i drift i mange år ,med nytte av dammen. Dammen vart som kjent også rehabilitert i 1985, med påstøp og forstreking. Før dette har den stått gjennom fleire store flaumar utan skade. Dammen har altså difor vore sentral i drifta av store bedrifter som bidrog til svært mange industriarbeidsplassar, med storhetstida då spinneriet og sagbruket med møbelfabrikk var i full drift. Ja, det vert sagt at Lårdal då var største industikommunen i Noreg , etter folketalet. Og så er den altså svært godt bevart , og ligg der veldig synleg i landskapet, etter at grunneigarar har rydda mykje vegetasjon i seinare år. Dammen burde kanskje vurderast verna.

2. **Ålmentas Interesser:** Det som nok veg tyngst for "folk flest" er nok Laugevatn som eit rekreasjon og friluftsområde. Vatnet vert nytta til bading på fleire flotte plassar frå tidleg vår. Dette er viktig av di vatnet vert tidleg varmt, i motsetnad til i Bandak. Det er offentleg badeplass der, og innbyggjarar i Lårdal og omegn nyttar denne mykje, samt mykje turistar. Vatnet vert og mykje nytta til fiske og generelt turmål. På vinter er det skøyter og ski, samt isfiske. Det som har gjort vatnet så flott i dei siste ca 30 åra, er at då har ikkje dammen vore nytta til regulering. Vatnet har vore så og sei fult heile tida, og har difor blitt av enda flottare enn det var då det blei regulert aktivt. Me vil og trekke fram at dammen synes å ha ein klar flaumdempande effekt.

Lårdal Vel imøteser ei positiv avgjerd for Lårdal i denne saka.

Styret i Lårdal Vel

V/ Charlotte Skogsrød